



Bandet bak «Scent of Soil», frå venstre: Gard Nilssen, Rune Neergaard, Kirsti Huke, Tore Brunborg og Petter Vågan. FOTO: ANDREAS ULVO

# Lukta av jord i jazzen

Musikk skreiv dei først til Vossa Jazz. No er Kirsti Huke og Tore Brunborg på vegen med sterk platedebut i bagasjen.

Det heiter «Scent of Soil», om lukt av jord, med musikk henta frå eit verk som var bestilt til Vossa Jazz i fjor, ein strålende konsert på opningsdagen som sette ein standard. Musikken har Brunborg og Huke skrive i lag, teksten er for det meste signert Kirsti Huke, eitt av to unntak er songen signert Robert Frost som heiter «Breeze». Det er første spor som Kirsti Huke opnar med sitt sterke, jordnære (!) men også mjuke vokale uttrykk. Songsvala frå Melhus har prega norsk vokal jazz sidan tusenårsskiftet, i kor også med det midt-norske vokalensemblet par excellence, Trondheim Voices. Etter så mange superlativ på rad gjev vi så plass til Tore Brunborgs i beste forstand mektige saksofon også når han er mild i leten. Til Petter Vågans gitar og lapsteel, Rune Neergaards elektriske bass og den alle stader nærverande trommeslagaren Gard Nilssen. Saman blir det til eit ikkje berre funky, iøyrefallande og groovy album, men mykje meir. På «Necklaces» er teksten signert Emily Dickinson, til eit elektronisk lydbylde rundt Hukes stemme, bassen og trommene. «Trøndervise» med ein bakgrunn av fleirstemmig har ei av desse originale opningane du blir fanga av, på «Go Charm!» sparkar dei verkeleg frå. Eit variert uttrykk og glimrande arrangement vil fange eit grenseløst publikum. Til slutt kan vi roe han ned på det nydelege tittelsporet der eg nesten høyrer ei trøndersk Abba-stemme frå Kirsti Hukes strupe.

Ho demonstrerte med sitt førre album at ho også kan skrive hitlåtar. Tore Brunborg frå stall Masqualero er av eit format som gjer han til internasjonalt etterspurd saksofonist i verdsklassen med ei merittliste deretter. Meritterte er også resten av musikanerane, som gjer albumet til ein hugnad å høyre på.

## KLASSISK MØTE


Årets reunion under Oslo Jazzfestival var møtet mellom Karin Krog og Bengt Hallberg, 29 år etter at dei i 1982 spela inn det glitrande duoalbumet «Two Of A Kind». Etter ein solobolk med Hallberg åleine heldt dei ein makelaus duokonsert. Før det hadde dei også møttest i Hallbergs heimby Göteborg, og dagen etter Oslo-konserten bar det rett i studio. Det strålende albumet «Cabin In The Sky» er eit faktum, i god tid til å bli ei av årets julegaver. Sveriges i særklasse fremste jazzpianist har kome attende etter år i musikalsk



Tore Brunborg og Kirsti Huke  
«Scent Of Soil»  
Hubro (Musikkoperatørene)



Karin Krog & Bengt Hallberg  
«Cabin In The Sky»  
Gasell (Musikk-klossen)



Billy Fly  
«Song»  
Øra Fonogram (Musikkoperatørene)


eksil, og i ein alder av 79 har han det einestående, krystallklare og distinkte pianospelet intakt. Her demonstrert på eit album der Hallberg og Krog elegant, leikande og lett framfører klassikarar frå jazzsongboka, supplert med to av Karin Krogs egne songar, og med Vernon Dukes «Cabin In The Sky» som tittellåt.

Til alle elskerar av Hallberg har det også kome eit solo pianoalbum, «Live at Jazzens Museum» (Four Leaf/Musikk-klossen), innspela tidlegare i sommar, med ein medley av tre kjende svenske songar som ekstra krydder.

## BILLY FY

Bandet heiter Billy Fy, kvifor er hemmeleg, men det er ikkje namna på musikanerane, som er Maria Kannegaard og Ingrid Lode. For Lode er det også ein sterk debut som tekstforfattar, då ho både i bandet Kobert og Eyewater Lillies har nytta tekstar av Emily Dickinson. Ho er også ei av songsvalene i Trondheim Voices, og har på «Song» alliert seg med Kannegaard, den særeigne låtskrivaren på eit album som fører oss inn i eit univers av jazz og elektronika. Oppgjevne referansar er Stereo Lab og eit «feminint Depeche Mode», men det treng du ikkje ha i hovudet når du lyttar til musikken, der tekstane på forbilledleg vis står i CD-heftet.


Maria Kannegaard har tidlegare laga elektronikaplata «Monsters and Puppets» med Thomas Strønen. Her er det to av våre mest originale jazzmusikaner som møttest under paraplyen Billy Fy, med eit elektronisk resultat.



## Jazz med «Lili»

Å høyre «Hi-Lili, Hi-Lo» på plate er ikkje kvardagskost, men det skjer på den norsk-danske vokalisten Birgitte Soojins debutalbum «Hi-Lo» (Calibrated Music/VME). Eit solid knippe danske jazzmusikaner med saksofonist og produsent Jakob Dinesen i spissen akkompagnerer det nye vokaltalentet, som studerte teologi ved København Universitet, men som etter fullført bachelor-studium gav seg jazzen i vald.

«Hi-Lili» var i 1952 Bronislau Kapers tittelsong til filmen «Lili», med Leslie Caron og Mel Ferrer i hovudrollene. Dei song han også inn på plate, og det vart ein av samtidas hitlåtar. Koreanskfødde Soojin er norsk statsborgar som no bur i Danmark, og «Hi-Lo» er ein solid debut frå ein vokalist vi kjem til å høyre meir, og som med tonefølgje av Dinesen, pianisten Sam Besiakov og resten bandet framfører songane frå «You Turned The Tables On Me» til «Born To Be Blue» med stil.



## «Åssengårea?»

Dagfinn Nordbø i spissen for Det norske Poesi & Satiorekster framfører 11 monologar på albumet «Åssengårea?» (Sweet Morning Records/Musikkoperatørene). Tonefølgjet er pianist Vagleik og Gaute Storaas (piano og bass) som også har skrive musikken, og plata vart spelt i live på årets Vossa Jazz. Satirikar Nordbø har lang fartstid som komikar, platesleppet var denne veka, og poesi og satioreksteret har sikkert ikkje sagt sine siste ord.

**ROALD HELGHEIM**

